



Kontrakt for meirope bibliotek

Velkomen som brukar av Biblioteka i Sunnfjord sine meirope bibliotek! Denne kontrakta gjev deg som er over 15 år tilgang til Førde, Sande og Naustdal bibliotek, utanom ordinær opningstid. For å nytte deg av det meirope tilbodet må du alltid registrere deg med lånekortet før du går inn i lokala. Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle.

Ved å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope bibliotek, er du forplikta til å overhalde følgjande reglar:

- Vis omsyn til andre
- Rydd etter deg
- Hald ro og orden
- Hugs å late att vindaug etter deg
- Det er ikkje lov med rusmiddel
- Rett deg etter dei lånereglane som gjeld til ei kvar tid
- Kontrakten og lånekortet er personleg. Det er berre du som kan bruke nøkkelkortet.
- Når det meirope biblioteket stenger må du forlate lokalet.
- Ta godt vare på biblioteket ditt!

Brot på desse reglane kan føre til at du mister retten til å bruke meirope bibliotek.

Foreldre/føresette kan ha med seg eigne barn under 15 år. For barna sin tryggleik kan dei ikkje vere att åleine på biblioteket i meirope tid. Alle over 15 år må ha eige, oppgradert lånekort.

Biblioteket og området rett utanfor døra er videoovervaka. Overvakinga er for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Hærverk vert meldt til politiet.

Opphald i det meirope biblioteket skjer på eige ansvar. Du har sjølv ansvar for å setje deg inn i kvar nødutgangane er i tilfelle evakuering av lokala. (sjå oppslag i biblioteket). Brannalarmen vert gjeve som lydsignal på Førde bibliotek og både lyd- og lyssignal på Sande og Naustdal bibliotek.

Eg har lese kontrakten og informasjonen om meirope bibliotek og aksepterer vilkåra.

Dato: _____

Namn med blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Lånenummer: _____ (fyllast ut av biblioteket)



Kontrakt for meirope bibliotek

Velkomen som brukar av Biblioteka i Sunnfjord sine meirope bibliotek! Denne kontrakta gjev deg som er over 15 år tilgang til Førde, Sande og Naustdal bibliotek, utanom ordinær opningstid. For å nytte deg av det meirope tilbodet må du alltid registrere deg med lånekortet før du går inn i lokala. Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle.

Ved å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope bibliotek, er du forplikta til å overhalde følgjande reglar:

- Vis omsyn til andre
- Rydd etter deg
- Hald ro og orden
- Hugs å late att vindauge etter deg
- Det er ikkje lov med rusmiddel
- Rett deg etter dei lånereglane som gjeld til ei kvar tid
- Kontrakten og lånekortet er personleg. Det er berre du som kan bruke nøkkelkortet.
- Når det meirope biblioteket stenger må du forlate lokalet.
- Ta godt vare på biblioteket ditt!

Brot på desse reglane kan føre til at du mister retten til å bruke meirope bibliotek.

Foreldre/føresette kan ha med seg eigne barn under 15 år. For barna sin tryggleik kan dei ikkje vere att åleine på biblioteket i meirope tid. Alle over 15 år må ha eige, oppgradert lånekort.

Biblioteket og området rett utanfor døra er videoovervaka. Overvakinga er for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Hærverk vert meldt til politiet.

Opphald i det meirope biblioteket skjer på eige ansvar. Du har sjølv ansvar for å setje deg inn i kvar nødutgangane er i tilfelle evakuering av lokala. (sjå oppslag i biblioteket). Brannalarmen vert gjeve som lydsignal på Førde bibliotek og både lyd- og lyssignal på Sande og Naustdal bibliotek.

Eg har lese kontrakten og informasjonen om meirope bibliotek og aksepterer vilkåra.

Dato: _____

Namn med blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Lånenummer: _____ (fyllast ut av biblioteket)